

Reduserer uønskt fangst av kongekrabbe

Uønskt fangst av kongekrabbe i torskefisket vert redusert monaleg ved å bruka stolpegarn. Forsøksfiske viser at stolpegarn som er løfta ein meter over botnen, gir tilfredsstillande fiskefangst.

Kongekrabbe, som vasar seg inn i fastståande reiskap er eit problem langs Finnmarkskysten. Det har vore rapportert fangstar på tusentals krabbar i torskegarn. Fleire hundre individ på ei garnlenkje var ikkje uvanleg. Ekstraarbeid med å reinska ut krabben og øydelagd fisk gir lågare fortøeneste for fiskarane.

Stolpegarn vert tilrådd

I starten gav bruk av stolpegarn varierende resultat. Det viste seg at det var viktig med tilstrekkeleg fløyt. Då vart stolpane skikkeleg strekte og garnbusen kom godt klar av botnen slik at krabbane får plass til å krypa under. I forsøksfiske i 2001 var stolpane 0,5 meter. I stolpegarna stod det 40 prosent færre fisk og 60 prosent færre krabbe enn i vanlege garn. Men stolpegarna fanga større fisk slik at vekta av fiskefangsten berre vart 30 prosent lågare. Fleire fiskarar som prøvde stolpegarn langs kysten av Finnmark, hadde så gode resultat denne sesongen at dei ikkje kunne sjå nokon serleg skilnad i fangsteffektiviteten.

Desse røynslene var bakgrunnen for at Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet sette i gang to nye forsøk i Finnmark vinteren 2003. Videoobservasjon av åtferda til krabbe og fisk som gjekk i stolpegarn og vanlege garn, førte til at stolpehøgda vart dobla til ein meter.


Resultata vart udelt positive. I mars vart det fiska i område med god tilgang på torsk utafor Havøysund. I dette området er det førebels lite kongekrabbe. Føremålet med forsøket var først og fremst å vurdere om stolpegarn kunne vera eit alternativ til standardgarn under straum- og værharde driftsforhold. Det viste seg at stolpegarn tok 23 prosent færre torsk enn vanlege garn. Torsk som gjekk i stolpegarna var i gjennomsnitt 3-4 centimeter lengre. Det førte til at fiskefangsten berre vart 10 prosent lågare.

I april og mai vart det fiska utafor Bugøynes etter same mønster. I dette området var tilgangen på torsk noko mindre, medan det var kongekrabbe i heile området. Heile 83 prosent færre kongekrabbar gjekk i stolpegarn i høve til vanlege garn. Talet på fanga torsk gjekk nær 20 prosent ned, men framleis var fisken som gjekk i stolpegarna større. Vekta av fangsten vart såleis berre redusert med 10 prosent. Ut frå desse forsøka kan det tilråddast å bruka stolpegarn i torskefiske i område med kongekrabbe.



Påleline med gode resultat

I tradisjonelt fiske med botnline er ikkje den uønskte fangsten av kongekrabbe spesielt høg. Problemet ligg heller i at krabben et opp agnet på lina og reduserer fangsteffektiviteten. I tillegg forsyner krabben seg av fisk som er fast på lina. I forsøk har løysinga vore å bruka pålesett line, der lineryggen vert løfta opp frå botnen ved hjelp av fløyt og pålar slik at krabben ikkje når opp til lina. Forsøk utafor Bugøynes i Varangerfjorden hausten 2000 viste at det var 1,6 krabbar per 100 krok på botnline, medan det på påleline berre var 0,1 krabbe per 100 krok. Påleline fanga meir fisk enn botnline. Det var mest hyse under forsøket og påleline fanga om lag dobbelt så mykje hyse som botnline. På felt med mykje



▲ Krabben kan passera under pålelina utan å eta agn eller øydelegja fisk. Lina vert lyfta frå botnen ved hjelp av flyteringar, søkkje og pålar. Forsøk viser at pålelina fangar opptil 5,8 gonger så mykje fisk som botnlina på felt med mykje krabbe.

▲ Kongkrabben kan passera under og unngår å gå i stolpe monterert torskegarn. Forsøk viser at stolpegarn fangar om lag 80 prosent færre kongekrabbar enn vanleg sette garn. Fiskefangsten går ned med 10 prosent i høve til vanlege garn.

krabbe var alle agna på krokane på botnlina som ikkje hadde fanga fisk, oppetne av krabbe. Pålelina hadde urørte agn. Pålelina fekk opptil 5,8 gonger så mykje fisk som botnlina på felt med mykje krabbe. I den totale fangsten var 14 prosent av fisken på botnlina øydelagt av krabbe medan 4 prosent var øydelagt på pålelina. Mange fiskarar brukar no pålesett line.

Prøving av teiner

Då kongekrabbe tok til å skapa problem i garnfisket, vart

torsketeiner introdusert som eit alternativ til garn og line. Løysinga her var å setja teina på 0,5 meter høge stolpar. I forsøk i Varangerfjorden hausten 2000 viste det seg at fangsten av krabbe vart redusert med 83 prosent samanlikna med teine sett på botnen. Torskefangsten gjekk ned 8 prosent. Torsketeiner er ikkje mykje brukt i Finnmark fordi garnfisket om vinteren vanlegvis gir større fangst. Forsøka med teiner vil halda fram for å finna fram til meir effektiv bruk og med fokus på fiskekvalitet.

Fakta

Kongekrabbe - ressurs og problem

Kongekrabbe (*Paralithodes camtschaticus*) kom til Barentshavet etter at russiske forskarar sette krabben ut fleire stader i Murmanskfjorden på 1960-talet. I dag er den utbreidd frå Kapp Kanin i aust til Sørøya i vest. Hovudutbreiinga er framleis i Varangerfjorden og austover på russisk side, men han ekspanderer stadig vestover. Frå norske fiskarar er det meldt om sporadisk fangst så langt sørvest som Vesterålen. Under eit forskingstokt i november 2002 vart det registrert kongekrabbe 100 nautiske mil nordvest for Nordkapp.

Fram til 2002 var kongekrabben freda og vart fiska til forskingsføremål ved eit avgrensa teinefiske om hausten. Frå og med 2002 vart det innført kommersielt fiske i norsk sone. Av ein kvote på 100.000 individ, vart 90.000 fordelt på 127 fartøy, 10.000 individ vart framleis fiska til forskingsføremål. Gjennomsnittvekta på den fanga krabben har vore mellom 4 og 5 kilo.

Kongekrabbebestanden vert forvalta av Noreg og Russland i fellesskap. I 2002 vart det berekna at det var over 4 millionar fangstbare krabbar. For 2003 er kvoten i norsk sone 200.000 og i russisk sone 600.000 krabbar. Bestandsutrekningane er usikre.

Fram til i dag har forskinga på kongekrabbe i Noreg vore fokusert på populasjonsbiologi, bestandskartlegging og reiskapsutvikling. Ved Fangstseksjonen på Havforskningsinstituttet i Bergen har ein sidan 1999 arbeidd med eit prosjekt for å redusera den uønskte fangsten av kongekrabbe i passive fiskereiskapar.

For fiskarane har krabben vorte ein viktig ressurs med ein samla førstehandsverdi på over 30 millionar kroner både i 2001 og 2002. I tillegg kjem verdiskaping på land. Eksportverdien utgjorde rundt 50 millionar kvart av åra. Eit eige Havforskningsnytt (nr. 12/2003) omhandlar fangst av kongekrabbe i teiner med fluktopningar.

Fangstforsøk og forskning i 2002 og 2003 vert finansierte av Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond (FHF), Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet. Ei kompetansegruppe styrer prosjektet. Med i gruppa er: Sigmund P. Hågensen, Fiskeridirektoratet region Finnmark (leiar), Jan H. Sundet, Havforskningsinstituttet Tromsø, Dag M. Furevik, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen, Bjarne Hansen, Finnmark Fylkesfiskarlag, Svein Mathiesen, Finnmark Fylkesfiskarlag og Gjermund Langedal, Fiskeridirektoratet.

Kontaktperson:

Hallvard Godøy, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressursar, Fangstseksjonen.
Postboks 1870 Nordnes, N-5024 Bergen. Telefon: +47 55236804.
Telefaks: +47 55236830. E-post: hallvard.godoy@imr.no

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>